



ÅRSMELDING
FRIIDRETTSGRUPPA
Osterøy Idrottslag
2013

Innhald

Styret	4
Samansetning	4
Styret sitt arbeid	4
Styremøter.....	4
Spesielle oppgåver.....	4
Representasjon.....	4
Aktivitet	4
Fungerande trenarar, 2013	4
Dommarar og startarar	5
Friidrettsskulen, 1. – 4. klasse	5
5. – 7. klasse	6
Stevner	6
Resultat.....	6
Ungdomsgruppa, 13-16 år.....	6
Resultat.....	7
Stafettar.....	7
Årsavslutning.....	7
Junior og senior	7
Kretsserien for kvinner	9
Kretsserien for menn.....	9
Nye klubbrekordar senior 2013.....	9
Kvinner og menn veteranar.....	10
Stafettar.....	10
Kretsserien for menn veteran	10
Kretsserien for kvinner veteran.....	10
Arrangement	11

Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane.....	11
Medlemstal.....	12
Medlemstal for 2013	12
Medlemsutvikling	12
Økonomi	12
Konklusjon	12
Vedlegg 1: Referat frå årsmøtet, 2013	14
Referat årsmøte i friidrettsgruppa, OIL, 2013	14
Vedlegg 2: Målsetjingar for 2012 og åra framover	17
Vedlegg 3: Budsjett, 2014	18

Styret

Samansetning

Leiar: Marit Iren Reigstad (2013)

Nestleiar/sportsleg leiar: Helge Tysse (2012-2013)

Skrivar: Herdis Helle (2013-2014)

Kasserar: Børt Magne Trå (2012-2013)

Oppmann 6-10 år: Per Inge Lillejord (2013-2014)

Oppmann 11-14 år: Frank Loftås (2013-2014)

Oppmann junior/senior: Arne Reigstad (2012-2013)

Styremedlem: Karoline Loftås (styremedlem/ungdomsrepresentant), Åse Bergheim (1. vara), Elin Kåstad (2. vara)

Valkomit : Karl Johan Reigstad, Øystein Borge, Vebjørn Borge.

Styret sitt arbeid

Styremøter

Styret har i driftsåret 2013 hatt fem styremøte og handsama 37 saker. Styret har utanom møta hatt hyppig kommunikasjon og avklart mindre saker per e-post.

Spesielle oppg ver

Typiske saker dette  ret har vore  konomi og sponsorarbeid, stemner og arrangement, kjøp av nytt tidtakarutstyr, samt innf ring av lisensordning.

Representasjon

- Helga Reigstad har ogs  i 2013 vore sentralstyremedlem og leiar i Barne- og Ungdomsutvalget til NFIF. Ho var ogs  friidrettsforbundet sin representant p  U-20 EM.
- Kjetil Stokke, Karl Johan Reigstad og Marit Iren Reigstad var OIL sine representantar p  kretstinget. Kjetil var varamedlem i kretsstyret 2012-2013 og Karl Johan var dirigent p  kretstinget.
- Geir Kleppe har vore revisor i kretsen.
- Bjarte Lohne har vore med i serie- og statistikkutvalet i kretsen.
- Oster y har i 2013/2014 to nye deltakarar i friidrettsforbundet sitt Ung:leder-program: Markus Markmanrud og Sebastian Haugland. Fr  f r har klubben elleve Unge Ledarar.
- Marit Iren Reigstad var reiseleiar p  kretskamp/-samling for 13- og 14- ringar i Byrkjelo.

Aktivitet

Fungerande trenarar, 2013

H gaste fullf rte trenarkompetanse i parentes.

- Ann Christin Reigstad (trenar 1)
- Mats Eirik Elvik (trenar 1)
- Monica Vevle

- Siw Jacobsen
- Toralf Solberg
- Frank Loftås
- Geir Atle Mjelde
- Marit Iren Reigstad (idretts- og treningspedagog)
- Karl Johan Reigstad (trenar 2: sprint/hekk, langdistanse, kast)
- Arne Reigstad (trenar 2: sprint/hekk)
- Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)
- Frode Langhelle (trenar 1, fysioterapeut)
- Helga Reigstad (trenar 2: kast)
- Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Dommarar og startarar

Inge J. Reigstad (FD/KS, og med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt J. Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Henning Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Johan Bergersen (KD), Karoline Loftås (KDA) Torbjørn Simmenes (KDA), Ingvild Solvang (KDA), Markus Loftås (KDA), Markus Markmanrud (KDA), Sigrid Borge (KDA), Trygve Feidje Mjelde (KDA), Marit Iren Reigstad (KDA).

Friidrettsskulen, 1. – 4. klasse

I løpet av sesongen har det vore om lag 50 born innom friidrettsskulen. På treningane har det vore rundt 20 born kvar veke.

Ved årsskiftet var det følgjande fordeling på alder:

07/1. kl.	06/2. kl.	05/3. kl.	04/4. kl.
7 born	9 born	8 born	5 born

Etter skulestart i august gjekk tretten born frå 2003-klassen over i gruppa til Mats. Vi har hatt ein liten nedgang i antal utøvarar. Rundt ti born frå dei andre årsklassane har slutta i løpet av sesongen, mens det har vore jamn rekruttering av førsteklassingar.

Gruppa har hatt trening ein gong i veka på måndagar, ute på friidrettsanlegget på Hatland frå april til oktober og inne i Osterøyhallen i vinterperioden. Treningane er gjennomført med god hjelp frå foreldregruppa som har vore med både som trenaransvarlege og medhjelparar i eit rulleringssystem som har fungert bra.

Det har vorte gjennomført fire rekruttstevner ute, to stevner på våren og to stevner på hausten. På det siste stevnet på hausten fekk ungane utdelt medaljar og t-skjorter.

I februar, 2013 var fem utøvarar i gruppa med på Pingvinlekene i Leikvanghallen. Arrangementet passar godt for dei yngste og har god premiering.

I april 2013 hadde vi med tre lag på Fri-stafetten i klassen rekrutt mix.

Ann Christin Reigstad,
hovudansvarleg, friidrettsskulen

5. – 7. klasse

Lonevåg-gruppa har hatt faste treningar kvar måndag på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Det møter 10-15 stk på kvar trening. Treinar for gruppa er Mats Elvik. Etter sommarferien har han fått god hjelp frå nokre av foreldra: Monica Vevle, Siw Jacobsen, og Toralf Solberg. Dette har fungert fint.

Haus-gruppa har hatt trening onsdagar, inne om vinteren og ute om sommaren. Frank Loftås og Geir Atle Mjelde har hatt hovudansvar for desse treningane. Denne gruppa er for 1. til 7. klasse. Det har møtt 10-12 ivrige utøvarar på desse treningane, nokon fleire i vintersesongen. På treningane har det vore fokus på lek og moro, men også innslag av nokre faste øvingar som til dømes drill og stigningsløp. I starten av utesesongen var det fokus på stafett, noko ungane likar svært godt. Målet på desse treningane er først og fremst å gi borna ei innføring i friidrett og forhåpentlegvis gi dei lyst til å halde fram med idretten.

Dei eldste utøvarane i gruppene (6. og 7. klasse) kunne med fordel hatt ein ekstra treningsdag i veka. Dette har imidlertid vore vanskeleg å få til då mange av utøvarane er med på fleire idrettsaktivitetar. Utanom dei faste treningane har det vore få fellestreningar.

Stevner

Nokre av utøvarane er flinke til å vera med på stevner, men me hadde gjerne sett at fleire deltek meir aktivt. Det er enklast å få utøvarane med på lokale stevner på Osterøy. Ei utfordring er å få trenarane/oppmenn til mobilisera og arrangere felles reise og opplegg til stevner utanfor Osterøy.

Resultat

Dei som har scora høgast poengsum i Osterøyserien (5 res) i desse årsklassane er May Linda Veseth med 4430p og Magnus A Reigstad med 4200p. May Linda vann med dette Osterøyserien for jenter 19 år og yngre.

Mats Eirik Elvik, Frank Loftås
trenarar

Ungdomsgruppa, 13-16 år

Gruppa har trening kvar måndag på friidrettsbana på Hatland. I vintersesongen er denne treninga kombinert med innandørstrening i Osterøyhallen. I haust starta me i tillegg opp med treningar i Leikvanghallen på onsdagar. Treinar for gruppa er Marit Iren Reigstad og frå hausten har Karl Johan Reigstad vore med på måndagstreningane.

Sidan denne gruppa vart skilt frå dei litt yngre (5.-7.kl.) hausten 2011 har det vore ei markant auke i rekrutteringa. Frå å vere 4-5 stk i starten, består gruppa no av ein fast gjeng på 10-12 ungdommar. På det meste har det vore 16 på trening. Det har vore både aldersrekruttering og nyrekruttering til gruppa. Det sosiale aspektet og leikbasert aktivitet har i stor grad vore i fokus, noko som har resultert i ein samansveisa gjeng som også er flinke til å inkludere nye medlemmar. Med det gode miljøet på plass, har det gradvis, og spesielt i løpet av hausten, vorte meir og meir fokus også på det sportslege. Dette etter ønske frå både utøvarar og trenarar. Fleire av utøvarane i gruppa deltek no jamleg på stevne, og nokre hevdar seg i kretsen.

Simon Nilssen (f.-99), Sigrid Bru Reigstad (f.-99), Glenn Andre Aarbakke (f.-99) og Kristoffer Vikne (f.2000) er dei som har vore mest ivrige på stevner denne sesongen. Alle fire er allsidige og står med gode resultat i fleire øvingar. Dei har alle representert Hordaland i ein eller fleire kretskampar. Kretskamp/-samling i Byrkjelo, PEAB-lekene på heimebane og Strandebarm friidrettsfestival har (blant andre stevne) vore gode sportslege og sosiale arenaer for desse utøvarane.

Resultat

Dei i gruppa som har fått flest poeng i både kretsserien og Osterøyfriidretten er Simon Nilssen og Sigrid Bru Reigstad. 7358 poeng på 8 resultat i kretsserien og 4650 poeng på 5 resultat i Osterøyfriidretten på Simon. 8251 poeng på 10 resultat i kretsserien og 4279 poeng på fem resultat i OF på Sigrid. Elles har det vorte sett fleire flotte persar av desse og andre utøvarar i løpet av sesongen.

Stafettar

Osterøy deltok på Fri-stafetten med eit jentelag (3.pl) og eit gutelag (2.pl) i klassen 11-14 år, samt eit mix-lag i klassen 11-17 år. Dette er gøy og me må prøva på å vere med på fleire stafettar i regionen.

Det vart dessverre ikkje tur til Oslo og barnas Holmenkollstafett i år.

Årsavslutning

I november var det årsavslutning i Leikvanghallen for 5.-7. klasse og ungdomsgruppa. Til saman var det rundt 30 deltakarar med stort og smått. Der hadde me ei felles treningsøkt etterfølgd av pizza og brus og premieutdeling. Sigrid Bru Reigstad fekk premie for høgast poengsum i kretsserien, og det vart delt ut nokre uhøgtidelege premiar i ungdomsgruppa. Etter samlinga reiste 15 av ungdommane og 2 vaksne til byn og spelte laserspel på Wasteland, ein svært sosial og kjekk aktivitet.

Marit Iren Reigstad,
trenar

Junior og senior

Osterøy har dei siste åra vore ein av dei beste guteklubbane på landsbasis i dei eldste klassane. 2013 er siste året den gylne 94-årgangen tel i guteserien, så det vert spanande å sjå om dei som kjem etter klarar å følgja opp. Blant dei eldste jentene er det eit aukande tal som trenar regelmessig, men det er få som førebels deltek aktivt på stevne.

På junior- og seniornivå har også 2013 har vore eit godt år for Osterøy IL. Årets NM vart det beste nokon gong for klubben. Hilde Aasheim opna NM med gull på 5000m og avslutta med bronse på 10000m. Under NM terrengløp på Ringerike gjentok ho 2012-sesongen med individuelt sølv og stafett-gull. Hilde vart nr 4 i Nordic Challenge på 10000m i Sverige. På årsstatistikken i Norge vart ho nr 2 på 5000m med pers 16.27,31, nr 3 på 10000m med 35.08,29 og nr 3 på 3000m med 9.38,15. Ho sette klubbrekord på 1000m med 2.59,44, vann igjen Osterøy-friidretten for kvinner og var største poengscorar i serien.

Sigrid Borge har etablert seg i Norgestoppen i spyd. I 2013 vann ho både UM på Lillehammer og jr-NM i Overhalla (meisterskapsrekord med 49,71m). Under UM fekk ho i tillegg sølv i kule. I Hovedmesterskapet var ho uheldig og vart nr 9. Årets lengste kast kom i Strandebarm, og med klubbrekord 50,08m kvalifiserte ho seg til U-20 EM i Italia. Det vart med 3 omgongar kvalifisering, men Sigrid fekk med seg verdifull erfaring til seinare. Ho klarte bronse i nordisk juniorlandskamp i Finland. I tillegg til spydrekorden sette Sigrid klubbrekord i kule med 11,74. Ho er med på rekrutteringslandslaget i kast og hadde det sjette lengste spydkastet i Norge denne sesongen.

Elise Vikne har ikkje delteke så mykje dette året, men hevda seg godt i dei motbakkeloppa ho var med i.

Damelaget kom på 11.plass i landsserien i 2.divisjon og rykka diverre ned til 3. divisjon. Det har i 2013 vore jobba godt med rekruttering av jenter/damer, og oppkjøringa til 2014-sesongen ser lovande ut med tanke på både topp og breidde.

Herrane har hatt ein god stafettssesong. I april og mai deltok vi i Fristafetten (menn senior A nr 3, menn senior B nr 6), SKSK-stafetten (menn senior nr 3) og HK-stafetten (menn kl 1 nr 5). Etter dette fekk vi ein knallstart på banesesongen under stafett-NM i Sandnes. Juniorlaget (Sondre Loftås Kåstad, Vebjørn Borge, Trygve Feidje Mjelde og Markus Loftås) vann eit suverent gull med 3.21,95, berre åtte tidelar frå kretsrekorden. Seniorlaget (Sondre, Vebjørn, Markus, Martin) vart nr 5 med ny klubbrekord. Dei same fire juniorane vart nr 3 under 1000m stafett på jr-NM. Seniorane vart nr 5 på 1000m stafett under Hovedmesterskapet med ny klubbrekord.

I landsserien vart herrane nr 2 i 2. divisjon og rykka dermed opp til 1. divisjon.

Martin Loftås Kåstad hadde sin beste sesong til no og betra seks klubbrekordar. Han er no raskaste ostring gjennom alle tider på 100m med 10,89 i Sundsvall. Under Hovedmesterskapet i Tønsberg sette han klubbrekord i alle seks løpa han gjennomførte. Fasiten vart bronse på 400m og femteplassar på 200m og stafett. Med denne innsatsen vart han lønna med plass på rekrutteringslandslaget i sprint. Med 48,07 er han nr 4 på årets Norgesstatistikk på 400m. Martin vann Osterøy-friidretten, er største poengscorar på herrelaget og vart kåra til årets utøvar i klubben.

Markus Loftås har ikkje hatt ein sesong som svarte til forventningane. Likevel kvalifiserte han seg til U-20 EM i Italia og klarte ein semifinalelass der med ny klubbrekord. Han vann NM junior, vart nr 4 i Hovedmesterskapet og er nr 4 på Norgesstatistikken på 400m hekk med 52,56. I nordisk juniorlandskamp i Finland vart han nr 4 på hekk og nr 2 på 4x400m stafett. Markus vann Osterøy-friidretten for gutar med m.a. tre resultat over 1000 poeng og var største poengscorar i guteserien.

Markus er med på rekrutteringslandslaget i sprint. Hausten 2013 flytta han til Oslo for vidare satsing der.

Sondre Loftås Kåstad vart nr 2 i Osterøy-friidretten både for menn og gutar under 19. Under NM stafettar viste han seg fram som ein uredd langsprinter, og vert av mange framheva som eit uvanleg stort løpartalent. Han konkurrerer i ein svært god årsklasse, så topplasseringane sit langt inne. 5 resultat over 1000 Tyrving-poeng talar for seg. På grunn av skuleoppstart i USA, fekk han ikkje delteke i UM. Sondre har i sesongen vunne seks KM-gull.

Trygve Feidje Mjelde har dette året etablert seg i kretstoppen på mellomdistanse. Under jr-NM vart han nr 5 på 1500m med 4.04,19. Han vart nr 3 på Osterøy-friidretten for både menn og gutar. Kjetil Stokke er ivrig på trening og i konkurransar, og er såleis ein viktig poengsankar for klubben. Grunna skadeproblem vart ikkje sesongen like god som forventa. Også for Vebjørn Borge vart banesesongen delvis øydelagt av skadar, men han sprang ein god 800m på Osterøy stadion og fekk med seg stafett sesongen og var m.a. på gullet på 4x400m. Elles noterer vi oss eit positivt comeback av Stig Andreas Langeland, og fin framgong av Markus Markmanrud og Sebastian Haugland. Markus Markmanrud vart tildelt årets stimulansepremie. Emil Hosøy sprang inn til tredjeplass i NM halvmaraton for junior.

Trenarane for junior- og seniorutøvarane gjennomfører kvart år årleg samtale med utøvarane. Samtlege aktive på junior- og seniornivå har gjennomført e-lærings programmet «Rein Utøvar».

Kretsserien for kvinner

1.divisjon nr 5 med 14.017 poeng og nedrykk (nr 11 i landsserien 2. divisjon og nedrykk)

3.divisjon nr 21 med 1.757 poeng.

Største poengscorar: Hilde Aasheim 3.872 poeng (5 øvingar).

Kretsserien for menn

1.divisjon nr 3 med 18.030 poeng (nr 2 og opprykk til 1. divisjon i landsserien)

2.divisjon nr 7 med 8.243 poeng

3.divisjon nr 19 med 3.665 poeng

Største poengscorar: Martin Loftås Kåstad 4.030 poeng (5 øvingar, nest best i Hordaland).

Nye klubbrekordar senior 2013

Spyd kvinner	50,08m	Sigrid Borge (95)	Strandebarm 24.5.
Kule kvinner	11,74m	Sigrid Borge (95)	Lillehammer 22.6.
100m menn	10,89	Martin Loftås Kåstad (90)	Sundsvall 28.7.
200m menn	21,71	Martin Loftås Kåstad (90)	Tønsberg 25.8.
300m menn	34,67	Martin Loftås Kåstad (90)	Hatland 10.08.
400m menn	48,07	Martin Loftås Kåstad (90)	Tønsberg 23.8.
400m hekk menn	52,56	Markus Loftås (94)	Rieti 20.7.
1000m kvinner	2.59,44	Hilde Aasheim (84)	Hatland 10.8.
4x100m stafett menn	43,18	Sondre Loftås Kåstad (96)	Sandnes 26.5.
		Vebjørn Borge (94)	
		Markus Loftås (94)	
		Trygve Feidje Mjelde (94)	
4x400m stafett menn	3.19,64	Sondre Loftås Kåstad (96)	Sandnes 26.5.
		Markus Loftås (94)	

1000m stafett	1.56,10	Vebjørn Borge (94) Martin Kåstad (90) Trygve Feidje Mjelde (94) Vebjørn Borge (94) Markus Loftås (94) Martin Loftås Kåstad (90)	Tønsberg 25.8.
---------------	---------	--	----------------

Arne Reigstad,
oppmann

Kvinner og menn veteranar

Også i 2013 har Osterøy IL vist seg som ein av dei aller beste veteranklubbane i landet. Nokon av våre beste har utmerka seg med medaljar i norsk- og nordisk mesterskap. John Bernes klarte 1 sølv og 2 bronse i NM. Arne Mjelde oppnådde 4 sølv og 1 bronse i NM og 2 individuelle bronse og eit stafettgull i nordisk. Johan Bergersen avslutta Osterøy-karriæra med 2 gull, 1 sølv og 1 bronse i NM.

Veteranane har ei aktiv løpegruppe som trenar to gongar i veka i vårhalvåret og ein gong i veka om vinteren. Det plar møte mellom fem og femten på kvar trening, og utanom den harde kjerne har det vore svært mange ulike fjes innom desse treningane. Bjarte Lohne og Herdis Helle har stått for organisering og opplegg for desse øktene.

Stafettar

Osterøy deltok i Fri-stafetten (nr 2 og 4 i menn veteran), Ask-stafetten (nr 1 og 3 i menn veteran), SKSK-stafetten (nr 1 menn veteran) og Holmenkollstafetten (nr 6 menn veteran og nr 7 kvinner veteran).

Kretsserien for menn veteran

1.divisjon nr 2 med 14.577 poeng (nr 1 i 2012)

2.divisjon nr 4 med 8.231 poeng (nr 4 i 2012)

John Bernes toppscorar med 3699 poeng (5 øvingar).

Kretsserien for kvinner veteran

1.divisjon nr 4 med 6.489 poeng (nr 2 i 2012)

Helga Reigstad toppscorar med 3475 poeng (5 øvingar).

Det har vorte sett 12 klubbaldersrekordar for menn og 4 for kvinner i 2013. Vinnarar av Osterøy-friidretten vart Helga Reigstad (2.979 poeng) og John Bernes (3.744 poeng).

Samandrag av Arne Reigstad

Arrangement

- 5 innandørs hoppstevne, 8 karusellstevne, og 4 rekruttstevne med varierende deltaking.
- 4 testløp, 3 på Reigstad, 1 på Vikne.
- Mosjonskarusellane Valestrandsmarka rundt (inkl. Ole Bull-løpet) og Haustrimmen. Ansvarleg: Vidar Simmenes
- Osterøymeisterskap i terrengløp, Ansvarleg: Karl Johan Reigstad
- PEAB-lekene, kretskamp mellom Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder-fylka. Osterøy Stadion 31. aug - 2. september.
- Bruviknipa Opp, 2.juni, om lag 160 deltakarar. Ansvarlege: Aina Mjøs, Kristine Mjøs, Elise Vikne, Line Loftås Kåstad (alle ung:leder).
- Stemmeseggi opp og over, 26. mai (34. gong), 81 deltakarar. Ansvarleg: John Bernes.
- Bjarte Viks Eliteløp, 19. oktober (15. gong), 51 deltakarar. Ansvarleg: Bjarte Vik.
- Brakvatnet halvmaraton, 2. november (7. gong), 210 deltakarar. Ansvarleg: Sigbjørn Reigstad.

Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane

I 2012 laga friidrettsgruppa ein handlingsplan der det er lista opp målsetjingar for åra framover, og kva tiltak som må setjast i verk for å nå dei (sjå vedlegg 2). Hovudområda i handlingsplanen er økonomi, å halda på ungdommane, rekruttering og leiarrekruttering.

Økonomien i friidrettsgruppa er god, og me gjekk med eit solid overskot i 2013. Dette er med på å skapa ein buffer for framtida. Det har også blitt jobba bra med eksisterande og nye sponsorar. Helga Reigstad har lagt ned ein solid innsats for å skapa langsiktige kontraktar med eit innhald der me gjev sponsorane noko attende. Elles satsar gruppa på store dugnadar i form av arrangement, som PEAB-lekene, og mosjonsløp, som Bruviknipa opp og Brakvatnet halvmaraton, for å generera pengar. Mosjonsløp som ikkje gir nemneverdige inntekter er kutta ut, og det same er mindre dugnadsjobbar.

Gruppa har klart å halda på ungdommane dette året. I tillegg har det vore rekruttering til ungdomsgruppa og blant juniorane. Dette veg opp for manglande rekruttering blant borna, 4.-7. klasse. Trenardekninga er god, trenarane er engasjerte og dei legg ned mange timar kvar veke for å følgje opp både talenta og breidda. Samstundes har det diverre vore ein nedgang i medlemstalet blant dei aller yngste, og totalt i heile gruppa (sjå tabell under). Treningsgruppene kan bli flinkare til å gjennomføre vedtekne mottaksrutiner når nye born og ungdommar møter opp på trening.

I høve rekruttering av vaksne mosjonistar, ser me at det er mange innom mosjonsgruppetreningane, og dette er positivt. Me er likevel ikkje flinke nok til å få gjengangarane til å melda seg inn i klubben.

Eit anna mål har vore å få inn fleire kompetente menneske i ulike verv og funksjonar. Friidrettsgruppa har i år to nye ungdommar som tek Ung:leder-utdanning og me har fått inn fleire foreldre som hjelpetreningar. Våren 2013 arrangerte me dommarkurs i samarbeid med kretsen, og friidrettsgruppa har no seks nye dommaraspirantar.

Elles vart alle planlagde stevne og mosjonsløp gjennomført i 2013.

Medlemstal

Medlemstal for 2013

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	48	25	5	35	113
Menn	0	38	28	5	55	126
Totalt	0	86	53	10	90	239

Medlemsutvikling

	2009	2010	2011	2012	2013
Kvinner	-	?	?	?	113
Menn	-	?	?	?	126
Totalt	227	222	262	270	239

Økonomi

Frøidrettsgruppa i OIL har god økonomi. Me går i år med eit overskot på 58.421,90,-

På grunn av stor aktivitet og mange utøvarar som hevdar seg godt på nasjonalt nivå har me jamt over høge kostnader. Både dei siste åra og kommande to år har tidlegare NCC, no PEAB-lekene gjort det mogeleg å drifta dette utgiftsnivået. Av andre inntektsbringande arrangement er dei tre største Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton og Bruviknipa opp. Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton hadde overraskande stor deltaking og Bruviknipa Opp vonar ein at skal verta endå større. DNB Idrettsleker har i 2013 vore arrangert to gongar og gav gode inntekter.

I 2013 vart det brukt ein del pengar på kjøp av nytt tidtakarsystem som kan nyttast i eigne arrangement og som kan generera inntekter gjennom utleige av utstyr og kyndige operatørar til andre arrangement utanfor frøidrettsgruppa i OIL.

Sjå vedlegg 3 for budsjett for 2014.

Konklusjon

Frøidrettsgruppa har hatt nok eit innhaldsrikt år, og dei sportslege høgdepunkta har det vore mange av. Markus Loftås, Sigrid Borge, Hilde Åsheim og Martin Loftås Kåstad frå Team Ungdom stod alle for svært gode prestasjonar denne sesongen, noko som gjorde kåringa av årets utøvar svært vanskeleg. Valet fell til slutt på at Martin sine prestasjonar var dei aller største i 2013.

Her følgjer nokre av høgdepunkta frå sesongen:

- Martin Loftås Kåstad si deltaking i Hovedmesterskapet i Tønsberg, der han sette klubbrekord i alle seks løpa han gjennomførte. Resultata gjorde at han fekk plass på rekrutteringslandslaget i sprint.
- Martin sin 100m i Sundsvall på 10,89, som gjer at han er raskaste ostring på distansen gjennom alle tider.

- Sigrid Borge sitt 50,08m-spydkast i Strandebarm, som var ny klubbrekord, tre kretsrekordar, og ikkje minst over kvalifiseringskravet til U-20 EM i Italia, der ho deltok og skaffa seg verdifulle erfaringar.
- Hilde Aasheim sine NM-medaljar: Gull på 5000m og bronse på 10000m.
- Markus Loftås si deltaking i U-20 EM i Italia, der han klarte semifinalen og sette ny klubbrekord på 400m hekk med 52,56.

Det vart sett elleve klubbrekordar i 2013, og fire utøvarar har oppnådd meir enn 1000 poeng i ei eller fleire øvingar. Elles har medaljefangsten vore brukbar. Det er i hovudsak Team Ungdom og veteranane som har stått for mange av medaljane.

Dei yngre utøvarane våre har hatt stor aktivitet både på trening, stevner og ikkje minst stafettar. I ungdomsgruppa har det etablert seg ein fast gjeng som i hovudsak stiller på trening, mens nokre få deltek på stevne og hevdar seg i kretsen. Mosjonsgruppa har framleis faste treningar kvar veke på Brakvatne eller Hatland med bra oppslutning.

På arrangementssida har det vore stor aktivitet med to friidrettsleirar for born (DNB Idrettsleker), mosjonsløp og stevne. Friidrettsleirane har stor oppslutning, får mykje skryt og vert gjennomført av våre unge leiarar som gjer ein fabelaktig jobb. PEAB-leikane vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore gode. Her er me prisgitt alle dei som bidreg med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Økonomisk har det vore nok eit godt år. Helga Reigstad har jobba godt på sponsorsida, og heile gruppa har gjort ein stor og god jobb med dugnadsarbeid og arrangement. Spesielt PEAB-leikane og DNB Idrettsleker (friidrettsleirane) er dugnadsarbeid som gir store inntekter.

Det aukande aktivitets- og prestasjonsnivået i friidrettsgruppa gjer at også utgiftene aukar. Å skulle oppretthalde dette nivået framover vert ei stor utfordring. Klubben får arrangera PEAB-leikane (tilsvarende NCC) i to år til (2014 og 2015), noko som gjev oss økonomisk tryggleik ei stund til. Vi kan ikkje rekne med å få arrangementet etter 2015. Dette gjer at friidrettsgruppa allereie no må utvikla eksisterande og få på plass nye inntektsbringande tiltak og arrangementet for å sikre økonomien framover.

Sjølv om det er mange engasjerte personer i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats med å drive og utvikle gruppa, er vi avhengige av å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles. I løpet av året har seks medlemmar tatt dommarkurs, og vi har to nye ungdommar i Ung:leder-programmet. Dette lovar godt for framtida.

Styret vil takka alle som har gjort ein innsats for friidrettsgruppa i året som har gått og ynskja dykk lukke til med neste sesong!

Valestrand, 25. februar 2014

Marit Iren Reigstad
Leiar

Vedlegg 1: Referat frå årsmøtet, 2013

Referat årsmøte i friidrettsgruppa, OIL, 2013



Torsdag, 20. februar, kl. 20.00, i klubbhuset på Hatland

Til: Alle medlemmar i friidrettsgruppa

Saksliste

SAKNR	SAK
1	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent utan merknader
2	Val av ordstyrar Bjarte Lohne
3	Val av referent Herdis Helle Karl Johan Reigstad og Marit Iren Reigstad vart valde til å skrive under møteprotokollen.
4	Godkjenning av årsmeldinga 2013 Årsmeldinga vart godkjent med fylgjande merknader: Under punktet om aktivitet må det inn at gruppa har gjennomført dommarkurs der om lag 6 stk vart godkjent som dommaraspirantar. Under punktet 5-7. klasse må det med at Frank Loftås har skrive dette saman med Mats Elvik. Under punktet junior og senior. Få med at juniorane var nokre hundredelar frå kretsrekordar i 4x 400 meter stafett og 1000 meter stafett. (ta dette inn på s. 7). I forhold til det som står om Vebjørn Borge kan det stå at banesesongen vart delvis øydelagd av skadar. Under punktet om veteran: Det har vore mosjonisttrening på Hatland kvar torsdag heile året og på Brakvatn i sommarsesongen med godt

oppmøte, stort sett frå fem til tolv utøvarar på kvar trening. Det har vore mange forskjellige utøvarar innom treningane og det kjem stadig nye til.

Under punktet arrangement må vi få inn rett deltakartal på Brakvatn halvmaraton.

Så må vi ta inn at det er arrangert OM i terrengløp og kva tesløp vi har arrangert, eitt på Vikne og tre på Reigstadflaten.

Under punktet om medlemsstal må vi kommentere kvifor vi har hatt ein nedgang med tretti stk i medlemsstal.

Under punktet om aktivitet i forhold til mål må vi ha inn at det er arrangert dommmarkurs.

Under punktet om økonomi stryk vi det som står om Valestrandsmarka. Det skal i tillegg med at DNB idrettsleikar har vore eit stort inntektsbringande arrangement.

Det må inn ei liste i årsmeldinga over kven som har vore dommarar, startarar og trenarar.

I tillegg må me ha med ein liten konklusjon til slutt.

5 **Rekneskap 2013 – Budsjett 2014**

Rekneskapen vart tilrådd godkjent med fylgjande merknader:

Kroner 50.000 skal flyttast frå post 3120 til post 3406. Dette er tilskot frå Friidrettsforbundet til å arrangere Peab-leikane og Necon-pengar frå forbundet pga at vi vann Necon-konkurransen.

Årsmøtet bad styret om å vere særskilt merksam på om grensa for når vi blir momspliktig og må registrere oss i meirverdi-registeret blir registrert.

Balansen, punkt 1460. Vi må passe på at vi har ei skikkeleg optelling på varer og passe på at verdien ved årskiftet er med. Dersom klede blir gitt bort – for eksempel til trenarar – skal dette gå fram av beholdningsending.

Kundefordringar, det er mykje uteståande ved årsslutt. Det er mogeleg at ein del av desse må bli tapsført. Dette må ny kasserar sjå på. 70 000 er faktuert til sponsorar m.v etter årskiftet.

Budsjett vart tilrådd godkjent med fylgjande merknader:

Post 3120 blir til redusert til 110 000, post 3406 skal aukast med 50 000, post 3930 blir redusert til 300 000, post 3401 skal reduserast med kroner 10 000, post 3400 vert redusert med 4000, post 3921 blir auka til 25 000, 3110 vert auka til 25 000, vi stryk post 3922, post 3924 blir redusert til 15 000, 3950 skal reduserast til 5000, Sum driftsinntekter skal vere 685 000.

Vi kuttar post 6940 og aukar 7770 til 1000 kroner. Post 7140 skal aukast til 235 000. Sum driftskostnader skal vere 659 000.

I Kommentaren om sal av genserar skal det stå 4040. I kommentaren om

5010 skal det stå kroner 6000.

6 **Auke av treningsavgifter**

Vedtak. Treningsavgift vert auka opp til 300 kroner for til og med 12 og for over tolv år 600 kroner. Dei som er med berre halve året betalar berre halv avgift.

7 **Val av nytt styre**

Valkomiteen: Karl Johan Reigstad, Vebjørn Borge og Ragnhild Balsvik.

Framlegget til valnemnda:

Leiar: Marit Iren Reigstad (14)

Nestleiar: Karl Johan Reigstad (14)

Styremedlemmer:

Herdis Helle (14)

Arne Reigstad (14-15)

Bjarte Lone (14-15)

Karoline Loftås (ungdomsrepr 14)

Frank Loftås (14)

Per Inge Lillejord (14)

1. vara: Jørn Fjellskålnes (14)

2. vara: Kirsten Mjelde (14)

Desse vart valde: Leiar Marit Iren Reigstad, nestleiar Karl Johan, styremedlemer Arne Reigstad, Bjarte Lohne, vara 1 Jørn Fjellskålnes, vara 2 Kirsten Mjelde. Dei andre stod ikkje på val.

8 **Oppnemning av ny valkomité**

Vebjørn Borge, Åse Bergheim, Gry Askeland, vara: Tore Hannisdal

Herdis Helle, referent

Vedlegg 2: Målsetjingar for 2012 og åra framover

- Økonomi:
 - Arbeide med å betre klubbens framtidige økonomi
- Halda på ungdommane i klubben:
 - Halda fram oppfølging av og satsing på talenta.
 - Følgje opp alle utøvarar på deira nivå, fokus på eigenutvikling.
- Rekruttering:
 - Auke rekrutteringa av unge, hovudsakleg born på mellomtrinnet i skulen (4.-7. klasse).
 - Auke rekrutteringa av vaksne, hovudsakleg mosjonistar som ikkje allereie er knytt til klubben.
 - Opprette gode mottaksrutiner
- Leiarrekruttering:
 - Få inn fleire kompetente folk i klubben, både i styre og stell, og som trenarar.

Tiltak

- Økonomi:
 - Opprette eit økonomiutval
 - Oppretthalde gode sponsoravtalar
 - Skaffe nye sponsoravtalar
 - Auke satsinga på eit eller to større mosjonsløp/-arrangement
 - Dugnad
- Halde på ungdommane, Ung:Leder-gruppa har valt desse fire satsingspunkta:
 1. Fleire kvinnelege trenarar og kvalifiserte trenarar.
 2. Variasjon i treningane
 3. Kreative tiltak: Treningsleir/ treningssamlingar/sosialt
 4. Treningar på tvers av idrettane.
- Rekruttering:
 - Opprette rekrutteringsutval
 - Trening for mosjonistar i alle aldre og uansett form minst ein gong pr veke.
 - Jentetrening ein dag i veka for ungdomsskuleelevar
 - «Ta med ein venn»-trening
 - Gode mottaksrutiner: Registrering av utøvar, kontaktinformasjon og anna informasjon til føresette.
 - Arrangera lagkonkurranse for skulane
 - Talentspeiding på skuleidrettsdagar, Tine-stafetten og i andre idrettar.
- Leiarrekruttering:
 - Ungdomsrepresentant i styret.
 - Halde fram med UngLeder-utdanning og –tiltak
 - Foreldrekveld. Sosialt tiltak.
 - Foreldrerepresentant inn i alle nye utval (økonomi, rekruttering, sportsleg og arrangement).

Vedlegg 3: Budsjett, 2014

Driftsinntekter

Salsinntekter

(Note)	3012	Reklame/annonse avg pl	kr -20 000,00
	3110	Salsinntekter idrettsmatriell	kr -25 000,00
	3115	Kiosksal avg.fritt	kr -25 000,00
	3120	Sponsorinntekter avg.fritt	kr -110 000,00
	3400	Tilskot frå Stat (moms komp)	kr -30 000,00
	3401	Tilskot frå Kommunen	kr -
	3402	Tilskot frå særkrets	kr -
	3403	Tilskot frå NIF/NOK	kr -30 000,00
	3405	Tilskot frå hovudkassa	kr -
	3406	Tilskot frå særforbund	kr -50.000
		<i>Sum salsinntekter</i>	<u>kr -290 000,00</u>

Annen driftsinntekt

	3921	Treningsavgift	kr -25 000,00
	3922	Bingo/lotteri og lignende	kr -
	3924	Dugnad	kr -15 000,00
	3925	Eigendeler stemner	kr -
	3926	Eigendeler reiser	kr -50 000,00
	3930	Inntekter egne idrettsarr	kr -300 000,00
	3940	Gåveinntekter	
	3950	Diverse inntekter	kr -5 000,00
		<i>Sum annen driftsinntekt</i>	<u>kr -395 000,00</u>
		Sum driftsinntekter	kr -685 000,00

Driftskostnader

Varekostnader

	4030	Innkjøp av idrettsmateriell	kr 30 000,00
	4031	Innkjøp av premiar	kr 12 000,00
	4035	Innkjøp av kioskvare og lignende	kr 12 000,00
	4040	Innkjøp av idrettsutstyr for vidaresal	kr 23 000,00
	4190	Beholdningsendring	kr -
		<i>Sum varekostnader</i>	<u>kr 77 000,00</u>

Lønnskostnader

	5010	Lønn og honorar trenarar	kr 40 000,00
	5500	Andre kostnadsgodtgjersle	kr 10 000,00
	5810	Behandlingsutgifter	kr 3 000,00
		<i>Sum lønnskostnader</i>	<u>kr 53 000,00</u>

Annen driftskostnad

	6300	Leige Osterøyhallen	kr 22 000,00
	6540	Inventar/utstyr	kr 1 000,00
	6550	Baneutstyr	kr 15 000,00

6560	Rekvisita	kr	-
6600	Vedlikehald bygningar, anlegg	kr	-
6800	Kontorrekvisita	kr	-
6820	Trykksaker		kr 3 000,00
6830	Datakostnader		kr 30 000,00
6860	Møter, kurs, oppdat.adm		kr 10 000,00
7105	Øreavrunding	kr	-
7140	Reisekostnader, ikke oppg.pl		kr 235 000,00
7210	Sponsorkostnader, ikke oppg.pl		kr 2 000,00
7320	Reklamekostnader		kr 3 000,00
7420	Gåver til medlemmer		kr 5 000,00
7430	Gåver til idrettslag/prosjekt	kr	-
7451	Betaling til særforbund		kr 4 000,00
7452	Betaling til særkrets		kr 15 000,00
7700	Styre- og bedriftsforsamling	kr	-
7710	Utg.deltaking andre sine stemner		kr 75 000,00
7715	Treningsleirar		kr 30 000,00
7720	Utgifter eige idr.arr, domarar og lignande		kr 30 000,00
7765	Utg. lotteri, bingo, basar og lignande	kr	-
7766	Utgifter til dugnad		kr 8 000,00
7770	Bank og kortgebyr		kr 1 000,00
7790	Andre kostnader		kr 40 000,00
7830	Tap på forderingar	kr	-
	<i>Sum annen driftskostnad</i>		<i>kr 529 000,00</i>
	Sum driftskostnader		kr 659 000,00

Finansinntekter

8040	Renteinntekter	kr	-
8060	Purregebyr kunder	kr	-
	Overskot		26 000,00